



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 07.08.2018  
Vår ref.: 2018/7648-6  
Saksbehandlar: oysmons  
Dykkar ref.:

## Hopsdal – gnr 192 bnr 5 – Dispensasjon – bruksendring – riving – veg – utsleppsløyve med meir – Lindås kommune – kulturminnerefagleg fråsegn

Vi viser til dykkar saksnr. 17/3257. Den delen av bygesaka som gjeld endringar på eksisterande bygning har vi diverre ikkje sakshandsama, grunna ein feil hjå oss. Ifølgje dykkar arkiv er saka ikkje handsama hos dykk, grunna manglande vegforbindelse til tomta, jf. dykkar saksnr. 18/1477. Vi håpar likevel at kommunen vil ta omsyn til fråsegna vår i samband med endelig vedtak i sak nr. 17/3257.

### Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om bruksendring av våningshus frå fritidsbustad til heilårsbustad, riving av del av løe, tilbygg, etablering av veg, avkøyrslle og reinseanlegg på eigedom gnr. 192 bnr. 5, Lindås kommune. Det er i søknaden opplyst at eksisterande fritidsbustad med løe har eit samla areal på 134 m<sup>2</sup> BRA. Areal som er søkt rive er opplyst til 47 m<sup>2</sup> BRA. Nytt tilbygg er opplyst å ha eit areal på 15 m<sup>2</sup>. BRA. Vi gjer merksam på at denne fråsegna berre gjeld våningshus/løe og utvidinga av denne.

### Kulturminnerefagleg vurdering

Fylkeskonservatorene har vore på synfaring på eigedomen 20.03.2018. Våningshuset er i følgje SEFRAK-registeret frå byrjinga av 1800-talet. Stova i nordre del av bygningen skal vere bygd til seinare, venteleg ca. 1920 (i SEFRAK står det «søre stova», men sør stova ser ut til å vere eldst). Grindløa er oppgitt å vere bygd etter 1880, noko som stemmer med bygeskikk, verktøy- og materialbruk.

Lemstova, i den forma vi ser i Hopsdal, var relativt moderne i 1880-åra. Det same gjeld løa som har murt flor under. Tidlegare stod oftast flor og løe kvar for seg. Utskifting og rasjonalisering i landbruket gjorde at fleire etter kvart bygde flor og løe i same bygg, noko som var meir praktisk og moderne. Organiseringa av husa i Hopsdal har likevel alderdommelege trekk som går langt bakover i tid. Det er svært få samanbygde hus og anlegg att i Nordhordland, og bygningane på gnr 192, bnr 5 er difor eit interessant og viktig bygningshistorisk anlegg. Sjølvve bygningsstrukturen i dette anlegget er difor det som har størst kulturhistorisk verdi, og er såleis verdt å ta vare på.

På synfaringa registrerte vi at eigar allereie var i gang med utbetring innvendes, og med vøling av fundament, kjellar og støttemurar. I følgje søknaden skal grindløa vere i så pass dårlig forfatning at eigar ønsker å rive. På synfaringa såg vi etter måten lite skader på løa. Denne kan venteleg setjast i stand med enkle grep, og vil kunne få auka bruksverdi. Bevaring av løa er òg avgjerande for å halde bygningsstrukturen og det alderdommelege preget intakt. Den planlagde utvidinga av våningshuset vil etter Fylkeskonservatorens syn kunne løysast innanfor volumet av løa, under det eksisterande taket. Riving av løa vil i så fall ikkje vere naudsynt.

**Tilråding**

Fylkeskonservatoren ser positivt på at eigar ønsker å sette i stand våningshuset, men rår til at ein vurderer å løyse utvidinga utan å rive den eksisterande løa.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Øystein Monsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*